



Multiconsult Norge AS
Nedre Skøyen vei 2 Oslo
0213 OSLO

Vår ref.:
26/3521

Saksbeh.:
ARI

Ark.:
GBNR-87/12

Dykkar ref.:
c35f5cf3-b3e7-455c-
bda1-16c318c90c6e

Dato:
10.02.2026

Gnr 87 bnr 12 - Ålesund kommune - Vedtak for rammeløyve - Pumpestasjon, VAO-leidningar og tilkomstveg

DP-sak 021/26

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) blir det gitt **rammeløyve** til omsøkte tiltak på eigedom gnr. 87 bnr. 12 ved Eliasgarden, 6035 Fiskerstrand. Dette jf. to-trinns søknadsbehandling i pbl. § 20-1, og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

- Før arbeidet kan settast i gang, skal det vere gitt igangsettingsløyve. Alle fagområde skal vere dekt med ansvar frå godkjente foretak.
- Matjordplanen av Asplan Viak, datert 17.01.25 blir lagt til grunn. Planen skal følgast opp av entreprenør.
- Vilkår og krav i Multiconsult sin rapport «geoteknisk prosjektering og føringar for utførelse» datert 14.01.2025, skal følgast.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. kommunens gjeldande gebyrregulativ.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Tiltaket gjeld oppføring av pumpestasjon med to etasjar (underetasje og hovudplan), ny tilkomstveg, trafikkareal og vass, avløp -og overvassleidningar. Tilkomstveg vil forlengast frå Tingstadvika og skal dimensjonerast for lastebil, jf. handbok (N100) og lokal vegnorm. Tiltaket er eit ledd i etablering av overføringsanlegg til felles kommunalt reinseanlegg på Kongshaugstranda, Eidsnes.

Søknaden:

Søknaden er datert 23.01.26, journalført 26.01.26.
Tiltaket er søknadspliktig etter pbl. § 20-1.

Gjeldande plangrunnlag:

For området gjeld Reguleringsplan for Djupvika avløpsanlegg, vedtatt den 24.10.24

Tiltaket samsvarar med gjeldande arealplan, og forholdet til 100-metersbeltet langs sjø er avklart i reguleringsplanen.

Plassering i høgde og plan:

Hovudplan i bygget vil ha grunnflate på 65 m² BYA. Jf. planen er maks tomteutnytting på 30% BYA, mens bygget vil gi ei tomteutnytting på 13%. Topp av dekke over hovudplan blir lagt på kote ca. +12,3. Mønehøgde til bygget vil bli 4,6 meter, oppimot maks mønehøgde på 6 meter i gjeldande plan. Maks kotehøgde på +14 vil bli ivaretatt.

Matjordplan.

Jordlaget i området er vurdert å ha stor verdi. Det er utarbeida ein matjordplan av Asplan Viak, datert den 17.01.25. Det blir opplyst at matjordplanen vil følge konkurransegrunnlaget. Det er so langt ikkje gjennomført jordprøvetaking.

Det er vedlagt ein geoteknisk rapport av Multiconsult, datert den 14.01.2025, merka «prosjektering og føringar for utførelse»

Ansvarsforhold:

Føretak som ønskjer ansvarsrett i byggesaker skal erklære ansvar i staden for å søke om ansvarsrett. Erklæring skal seinast før føretaket skal starte på sin del av arbeidet men fortrinnsvis saman med "søknad om tiltak". Erklæringa skal sendast inn via ansvarleg søkjar saman med ein oppdatert gjennomføringsplan.

Kommunen si oppgåve er å passe på at innsendte erklæringar er i samsvar med gjennomføringsplanen.

I medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 23-1 blir gjennomføringsplan, datert den 23.01.2026 og ansvarserklæringar lagt til grunn for tiltaket.

Før arbeid med tiltaket blir oppstarta, skal igangsettingsløyve vere gitt.

Merknader og protester:

Tiltaket vart nabovarsla 06.05.2025, og det er kome inn sju nabomerknader. Vi gjengir merknadsmoment som er vurdert relevant oppimot tiltaket.

Nabomerknad frå Andreas Skagøy på gbnr 87/9, datert den 08.05.25

Naboen er positiv til tiltaket, men poengterar at tiltaket ikkje må gi lyd og lukt.

Ansvarlig søkjar sin kommentar;

Innhaldet i merknaden blir vurdert å vere imøtekomen. Gjeldande plan, pumper og utstyr vil utformast til å fjerne sjenerande lukt og støypproblem.

Nabomerknad frå Sindre Dybvik på gbnr 87/140, datert den 20.05.25.

Pumpestasjonen må byggast lavast mulig i terrenget.

Ansvarlig søkjar sin kommentar;

Planen angir rammer før maks bygghøgde og høgdekote. Bygget vil vere lavare enn dei regulerte rammene.

Nabomerknad frå Jakob Andre Dybvik på gbnr 87/204, datert den 20.05.25.

Merknadane påpeikar same forhold som ovanfor, at bygget må plasserast lavt og ikkje medføre lukt og lydplager.

Jan-Petter og Bente Dybvik stiller seg bak innhaldet i merknaden til Jakob Andre Dybvik (ovanfor).

Ansvarlig søkjar har vurdert merknaden som imøtekomen.

Nabomerknad på vegne av Jakob og Johan Dybvik AS, datert 20.05.25.

Bedrifta påpeikar viktigheita at det gis tilstrekkelig passasje mellom regulert veg og industriområdet då bedrifta er avhengig av framkomst, logistikk og last, lossing av semitrailerar. Det påpeikast at det ikkje må bli luktplager frå tiltaket.

Ansvarlig søkars kommentar:

Tiltaket vil ikke berøre bedrifta sin interne tilkomstveg til laste/losseområde. Ny tilkomstveg vil bli etablert i samsvar med reguleringsplanen. Pumpestasjonen vil bli utstyrt med luktfjerning via ventilasjonssystemet. Pumper og utstyr skal hindre sjenerande lukt i nærområdet. Merknaden er vurdert som imøtekommen.

Nabomerknad frå Svein Jarle Fiskerstrand for gbnr 87/105, datert den 22.05.25.

Det blir spurt om kva som er teikna inn gjennom naustet på 87/105.

Ansvarlig søkjar har besvart naboen per telefon, dette er avstandslinjer mellom veg og vassdrag.

Byggesaksavdelinga si vurdering av nabomerknadane.

Planen setter rammer for maks bygghøgde, maks koteplassering, potensiell lukt -og støyplager. Jf. søknaden vil det bli utført luktfjerning ifm. ventilasjonssystemet. Det skal etablerast vegetasjonsskjerm med tre og busker rundt bygninga jf. planteplan. Tilkomstveg og trafikkareal vil bli opparbeidd i tråd med reguleringsplanen.

Vi anser då at merknadsmomenta blir imøtekomne, og slik sett blir tatt til følge.

Samla vurdering:

Byggesaksavdelinga har elles ingen andre merknader. Det gis rammeløyve til omsøkte tiltak.

MERKNADER

- *Alt byggjearbeid må utførast etter plan- og bygningslova med tilhøyrande regler.*
- *Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tida fell løyvet bort, med mindre det er søkt fornya innan fristen. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar opp i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9, 1. ledd.*
- *Tiltaket eller del av det må ikkje takast i bruk utan at ferdigattest eller mellombels bruksløyve er gitt, jf. pbl. § 21-10.*
- *Dersom ein ønskjer å endre tiltaket i forhold til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om endring av løyvet. Endringa må vere godkjent før den blir gjennomført.*
- *Det må førast nødvendig kontroll, slik at tiltaket ikkje strir imot regel gitt i, eller i medhald av plan- og bygningslova.*
- *Det skal meldast frå til byggesaksavdelinga når arbeidet vert igangsett (ved støyping av sole), og når tiltaket er ferdig skal ansvarleg søkar sende inn sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling som viser at tiltaket er utført i samsvar med godkjenninga, jf. §§ 21-10 og 24-1.*

Klagerett:

Dette vedtaket kan påklagast. Ei eventuell klage må vere skriftleg og sendast innan 3 veker etter at vedtak er motteke. Sjå vedlagt orientering.

Med helsing

Terje Havnegjerde
Einingsleiar

Åge Risjord
Ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:
Saksframlegg
Orientering om klagerett

Kopi til:

Andreas Skagøy	Eliasgarden 23	6035	Fiskarstrand
Bente Sølvi Dybvik	Andersgarden 15	6030	Langevåg
FAKTURAAVDELING			
Jakob Andre Dybvik	Eliashaugen 13	6035	Fiskarstrand
Jakob Og Johan Dybvik As	Tingstadvika 5	6035	Fiskarstrand
Sindre Dybvik	Eliasgarden 12	6035	Fiskarstrand
Svein Jarle Fiskerstrand	Fiskarstrandvegen 205	6035	Fiskarstrand



MELDING OM RETT TIL Å KLAGE PÅ FORVALTNINGSVEDTAK

Heimel: [Forvaltningslova §27 – 3 og 4. ledd](#)

Klagefrist:

Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kjem fram. Kjem den for seint, utan nærare forklåring på grunnen til dette, kan vi velje å avvise klaga. Dersom De har behov for ytterlegare tid til å fremje klaga, vil vi råde Dykk til å søkje om forlenga klagefrist.

Grunngiving:

De kan be om å få vedtaket grunngitt dersom dette ikkje er gjort i vedtaket. Kravet må framsetjast før klagefristen er ute. Ny 3-vekers klagefrist vil gjelde frå mottatt grunngiving.

Kven skal ha klaga og kva må ho innehalde:

- Klaga skal vere skriftleg, og sendast til den eininga eller avdelinga som har gjort vedtaket.
- Opplys kva vedtak det vert klaga på.
- Ver konkret på kva det er i vedtaket De klagar på, og grunngi kvifor. Ta gjerne med den eller dei endringane De ynskjer.
- Ta evt. med andre opplysningar dersom De meiner dette er relevant for behandlinga av klaga.
- Klaga skal underskrivast.

Behandling:

Dersom instansen som har gjort vedtaket ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, vert ho sendt vidare til endeleg avgjerd i klageinstansen. Endeleg klageinstans kan vere kommunalt klageutval eller statsforvaltaren, avhengig av lovheimel for vedtaket.

Utsett iverksetjing:

Sjølv om De har klagerett, kan normalt vedtaket setjast i verk straks. De kan likevel søkje om å få iverksetjing av vedtaket utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Saksdokumenta:

Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. Ta i så fall kontakt med den som har undertekna vedtaksbrevet. Der vil De også få nærare rettleiing om klageretten og prosessen elles.

Kostnader ved klagesaka:

Innanfor reglane om fri rettshjelp, kan det søkjast om dekning av utgifter til advokathjelp. Statsforvaltaren eller advokat kan gi nærmare rettleiing i desse spørsmåla. Større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand, kan krevjast dekt heilt eller delvis dersom De får medhald.